

Overordna plan

for

Helsestasjons- og Skulehelsetenesta

i

Solund Kommune 2012 – 2020



Godkjent i Solund kommunestyre 2013

INNHALDSLISTE

1.0 INNLEIING

- 1.1 Rammeverk, etikk, lover og forskrift.
- 1.2 Kommunen sitt ansvar
- 1.3 Definisjonar

2.0 MÅL

- 2.1 Overordna mål for Solund Kommune
- 2.2 Mål for helsestasjon og skulehelsetenesta

3.0 TILSETTE, ORGANISERING

4.0 KVALITETS – OG STYRINGSSYSTEM

5.0 TENESTETILBOD OG ARBEIDSOMRÅDE

- 5.1 Det individretta arbeidet
- 5.2 Førebyggjande psykososialt arbeid
- 5.3 Helseopplysning
- 5.4 Foreldrerettleiing
- 5.5 Heimebesøk og oppsøkande verksemd
- 5.6 Samarbeid med å skule om elevane sitt arbeids- og læringsmiljø
- 5.7 Tverrfagleg samarbeid
- 5.8 Tverrfagleg samarbeid om habilitering
- 5.9 Vaksinasjon
- 5.10 Helsestasjon for ungdom (HFU)

Vedlegg

1. Arbeidsplan for helsestasjonstenesta. Tiltaksdel - Kontaktform, kontaktpunkt og innhald
2. Arbeidsplan for Skulehelsetenesta. Tiltaksdel - Kontaktform, kontaktpunkt og innhald
3. Plan for ekstraordinære tiltak i helsesøstertenesta ved krise
4. Rettleiarar og styringsdokument
5. Avviksskjema

Helsesøster har også ei rolle i desse planane:

- Kriseteam
- Smittevern plan
- Tuberkuloseplan
- Beredskapsplan

INNLEIING

Ein overordna plan skal bidra til auka kunnskap for kommuneleiinga, politikarar og samarbeidspartnarar om tenesta og er retningsgivande for helsestasjon - og skulehelsetenesta sitt arbeid. Planen viser bl.a krav frå myndigheitene om kva tenesta bør og skal innehalde og korleis den vert gjennomført.

Helsestasjon - og skulehelsetenesta er lovpålagte deltenester for kommunane i følgje Lov om kommunale helse og omsorgstenester Kap. 3 § 3-2.

Utviklingstrekk i samfunnet gjev helseutfordringar som krev nye strategiar og satsingsområde. Nye tal syner at fleire barn og unge har psykiske vanskar, samt at overvekt og fedme er ei aukande utfordring. Målet er å tilpasse arbeidet mot dei nye helseutfordringane.

Samhandlingsreforma som Regjeringa la fram gjev klare signal til kommunane om styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta, og legg opp til auka satsing på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Frå 2010 har kommunane fått overført midlar frå staten til styrking av det førebyggjande arbeidet.

1.1 RAMMEVERK, ETIKK, LOVER OG FORSKRIFTER

Helsestasjons – og skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste som skal ivareta det heilskaplege førebyggjande og helsefremjande arbeidet retta mot alle barn og unge 0 – 20 år, og til gravide som ønskjer å gå til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjonen.

Etikk: Helsesøster møter stadig etiske utfordringar og dilemma. Systematisk refleksjon, rettleiing og dilemmatrening kan vere nyttige arbeidsmetodar for å møte dette.

I tillegg kan helsesøster nytte ICN (International Council of Nurses) sine etiske reglar og yrkesetiske retningslinjer for sjukepleiarar, samt søke bistand frå Rådet for sjukepleieetikk.

Dei mest sentrale lovene: www.lovdata.no

- Helsepersonelloven
- Pasientrettighetsloven
- Psykisk helsevernlov
- Barneloven
- Smittevernloven
- Folkehelseloven (gjeldane frå 01.01.12)
- Helse- og omsorgsloven (gjeldane frå 01.01.12)
- FN's Barnevernkonvensjon (inkorporert i norsk lovverk)

Dei mest sentrale forskrifter: www.lovdata.no

- Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten
- Nasjonalt vaksinasjonsprogram
- Pasientjournalforskrift
- SYSVAK – registerforskriften
- Forskrift om individuell plan
- Forskrift om Lovbestemt sykepleiertjeneste i kommunen
- Legemiddelforskrift
- Rekvisisjonsforskrift.

2.0 MÅL

2.1 OVERORDNA MÅL FOR SOLUND KOMMUNE

Overordna mål for planperioden 2008 – 2020 i Solund Kommune:

«Helse og omsorgstilbodet i Solund er godt, samanlikna med andre kommunar i fylket» – jfr kommuneplan for Solund 2008-2020, samfunnsdelen.

(Godkjent av Solund Kommunestyre 20.04.2010 (K.sak 004/10).

Mål for planperioden:

- *Det blir arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte.*
- *Det er lagt til rette for eit godt miljøretta helsevern i Solund Kommune.*
- *I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eiga helse.*
- *Kommunen har samarbeid med nabokommunar om jordmorteneste.*

2.2 MÅL FOR HELSESTASJONEN OG SKULEHELSETENESTA

- Fremje fysisk og psykisk helse.
- Fremje gode sosiale og miljømessige forhold.
- Førebyggje sjukdom og skade.

Viktige prinsipp i arbeidet

- Bruke kunnskapsbaserte arbeidsmetodar
- Vektlegge brukarmedverknad
- Ha tverrfagleg perspektiv
- Vektlegge høg kvalitet på tenesteområde.

Tiltaksplan:

- Leiande helsesøster deltek på foreldremøte etter invitasjon frå skule.
- Tverrfagleg samarbeid med t.d føresette, skule, lege, fysioterapeut, jordmor, PPT, NAV, HAFS interkommunale barnevern, Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, tannhelsetenesta og Solund Frivillegsentral.
- Samarbeid med barnehage og skule om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø.
- Samarbeid om habilitering av barn og unge med spesielle behov

3.0 TILSETTE, ORGANISERING

Etter helse – og omsorgstenestelova skal følgjande fagpersonar vere tilknytt helsestasjonen.

Helsesøster, lege, fysioterapeut, jordmor. Andre faggrupper: psykolog, familieterapeut, miljøarbeidar.

ORGANISERING

• Tenesta er organisert under Helse og omsorgsleiar.

Kontordagar på Ytre Solund oppvekstsenter, 1 time siste fredag i kvar mnd.

Kontordagar på Hardbakke barneskule og Solund ungdomsskule 1 time tredje kvar måndag.

4.0 KVALITETS- OG STYRINGSSYSTEM

I lov om statlig tilsyn med helsetjenesten, Tilsynsloven § 3:

”Enhver som yter helsetjenester skal ha etablert et internkontrollsystem for å påse at tjenesten planlegges og utøves i samsvar med allment aksepterte faglige normer, lover og forskrifter.

Solund helsestasjon har utarbeida kvalitetssikringssystem. Leiande helsesøster har ansvar for årleg revisjon av kvalitets- og internkontroll-systemet.

Avvik frå gjeldande retningslinjer og forskrifter skal meldast tenesteveg. Rutiner for avviksmelding, sjå vedlegg 5.

Informasjon om tenesta er lagt ut på Solund kommune si nettside, samt at det er utarbeida informasjonsbrosjyre om tenestetilbodet.

Helsestasjonsplanen saman med dei økonomiske rammene legg føringar for tenesta. Kvart år vert det utarbeida arbeidsplan med prioriteringar og satsingsområde som sendast til skulane ved rektor. Årsrapport sendast tenesteleiar

5.0 TENESTETILBOD OG ARBEIDSOMRÅDE

Tenesta er organisert gjennom avtalte konsultasjonar individuelt eller i grupper, og tilbyr planlagt program for helseopplysning, rettleiing, helseundersøking og vaksinasjon, vedlegg 1 og 2 (IS-1154).

5.1 DET INDIVIDRETТА ARBEIDET:

- Målretta helseundersøkingar.
- ”Open dør” til faste tider på skulane og på helsestasjonen.
- Oppfølging av born med spesielle behov.

5.2 FØREBYGGANDE PSYKOSOSIALT ARBEID.

Med førebyggjande psykososialt arbeid meiner ein: ” tiltak som frem jar gode mellommenneskelege, sosiale og miljømessige forhold for å hindre psykiske plager/ sjukdom og problemskapande åtferd» (Veileder IS-1154).

Helsesøster har tre viktige funksjonar for å bidra til at barn og unge utviklar ei god psykisk helse:

- Vere ein god samtalepartner når livet byr på utfordringar.
- Hindra at psykiske vanskar utviklar seg til sjukdom.
- Sørgje for at dei med omfattande vanskar får den hjelpa dei treng.

Tenesta skal bidra til at psykiske vanskar og risikofaktorar vert oppdaga tidlegast mogleg. Samt bidra til tidleg intervensjon når vanskar vert avdekt.

Tenesta er ein viktig samarbeidspart med skulane i opplæringsprogram for psykisk helse. Eks «Alle har ein psykisk helse», «Zippys venner».

Edinburgh - metoden (EDPS) er ein norsk versjon for å identifisere kvinner med depresjon etter fødsel. Solund Kommune har samarbeidsavtale mellom nasjonalt kompetansenettverk for spedbarn- og småbarns psykiske helse, regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) helseregion øst og sør. Opplæring i metoden er gjennomført. Leiande helsesøster og jordmor gjev tilbod om EDPS f.om 01.01.13.

5. 3 HELSEOPPLYSNING

Helseopplysning er å gje råd, rettleiing og undervisning individuelt og i grupper. Tema kan vere kosthald, søvn, ulukke/skade, eigenomsorg, fysisk aktivitet, pubertet, tobakk, rus, psykisk helse, prevensjon, seksuell helse og legning.

Arenaer for helseopplysning er møter i regi av skule, barnehage eller andre.

5. 4 FORELDERRETTLEIING

Det finst ulike program for førebygging og hjelp av åtferdsvanskar hos barn.

Solund helsestasjon tilbyr:

- Saman foreldre og barn. Program for foreldrerettleiing.
- PMTO (Parent Management Treaining - Oregon modellen rettleiing til foreldre. Tidleg innsats for barn i risiko – eit kommunalt program for førebygging og behandling av åtferdsvanskar hos barn. Leiande helsesøster er godkjent som foreldrerådgjevar og kan gje tilbod til fam. med born i aldersgruppa 3 – 12 år.

5. 5 HEIMEBESØK OG OPPSØKANDE VERKSEMD.

Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til alle nyfødde. Heimebesøk kan og vere aktuelt når det er spesielle behov hjå familien.

5.6 SAMARBEID MED SKULE OM ELEVANE SITT ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØ.

Skulehelsetenesta skal samarbeide med skulen om tiltak som fremjar fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for elevane. Skulehelsetenesta gjev bistand og undervisning i grupper/klassar/foreldremøte i den grad skulen ynskjer det.

5. 7 TVERRFAGLEG SAMARBEID

Tenesta har fast samarbeid med fastlege, barnehage, skule, barnevern, PPT og tannhelsetenesta. I spesialisthelsetenesta er BUP, føde/barsel, barneavdeling (herunder overvektsteam og barnehabiliteringa) samarbeidspartarar. Kommunane har skriftlege samarbeidsavtalar med ulike tenester. BUP har fast tlf tid der helsesøster kan ringe for råd og rettleiing.

5.8 TVERRFAGLEG SAMARBEID OM HABILITERING.

Samarbeid kring barn og unge med spesielle behov skjer gjennom ansvarsgrupper og Individuell plan (IP). Ansvar for oppstart av ansvarsgruppe, er lagt til den instans i kommunen som familien tek kontakt med.

5.9 VAKSINASJON.

Tenesta har ansvar for at alle barn som er busett i kommunen får tilbod om vaksine jfr. barnevaksinasjonsprogrammet. God vaksinasjonsdekning er viktig for å oppnå høg grad av immunitet i befolkninga, og på den måten unngå smitte/sjukdom.

Gjeld tuberkulose: Barn som kjem frå risikoland skal ikkje byrje i skule og barnehage før tbc status er avklart. Helsetenesta føreset at politiet varslar om familieinnvandrar frå risikoland (Tuberkulosekontrollprogram i Solund Kommune).

Reisevaksinasjon: Leiande Helsesøster har skriftleg delegasjon frå Kommunelege 1 om reisevaksiner og smitteoppsporing/ tuberkulosearbeid for innbyggjarane f.o.m 20 år og oppover.

5.10 HELSESTASJON FOR UNGDOM (HFU)

HFU er eit lavterskel tilbod til ungdom 13 – 20 år kvar måndag kl. 14.00 – 15.30 og er i tillegg til skulehelsetenesta.

Tilbodet er gratis, og det er ingen timebestilling. Det vert formidla time til lege eller jordmor ved behov. Helsestasjon for ungdom er ein arena der ungdom kan ta opp problemstillingar og spørsmål som gjeld helse og livsstil.

Helsesøster gjev råd og rettleiing vedkomande:

- Prevensjon, graviditet, kjønnsjukdomar, trivsel, psykisk helse, etevanskar, slanking, rus
- Andre tema som opptek ungdom.

